

Leigekontrakt

mellom

1. UTLEIGAR

Stord kommune, v./ Stord kommunale eigedom
Org. nr. 939866914

2. LEIGETAKAR

Hordaland fylkeskommune
v./ Stord vidaregåande skule
org. nr.

3. LEIGEOBJEKT

- Avtalen gjeld leige og bruk av klasserom, kontor, testrom, styrkerom, idrettshallar med tilhøyrande garderober til bruk for elevar ved Stord vidaregåande skule.
- Leigetakar leigar lokala i den stand dei er i ved oppstart av leigeavtalen.
- Leigetakar har tilgang til lokalar (merka med grønt) som vedlagt planteikning datert 13.06.16 viser. (vedlegg 1)
- Leigetakar har og tilgang til bruk av uteområdet som vist på vedlagt planteikning datert 13.06.16. (vedlegg 2)
- Bruk av andre areal utanom avtalen må avtalast for kvar gong.

4. BRUK AV LOKALA

- Leigetakar skal ha uhindra tilgang til dei leigde lokala innafør leigetida.
- Leigetakar pliktar å handsame leigeobjektet med tilbørleg aktsemd og elles i samsvar med avtalen.
- Leigetakar pliktar å følgje vanlege ordensreglar og rimelege påbod frå utleigar.
- Leigetakar kan ikkje gjere endringar i leigeobjektet utan at utleigar har godkjent dette.
- Eventuelle skadar som skuldast leigetakar eller personar leigetakar har ansvar for, og som ikkje kjem av normal slitasje, skal erstattast av leigetakar.

5. LEIGETID

- Leigetida startar 01.07.2016 og varar fram til 01.07.2021.
- Leigetida for hallar, styrkerom og garderober kan variere frå år til år og går på timeutleige frå kl. 08 00 – 15 00 måndag – fredag.
- Timebehov for skuleåret (august – juni) må meldast inn seinast 2 mnd. før skuleåret startar.
- Timefordeling av utandørsbanar, turnsal og andre områder som vert brukt av fleire partar vert koordinert av Stord kommunale eigedom i samråd med leigetakarar.
- Leigetakar har høve til å seie opp avtalen med frist på 6 månader.

6. LEIGESUM

- Årsleiga utgjer kr 4 286 799,- (eks. mva.). Leiga inkluderer leigetakars andel av kostnader til drift, vedlikehald, reinhald, straum, tilsyn, administrasjon mv. Leigesum kan variera frå år til år, alt etter kor mange timar dei ulike hallane vert leigt.
- Spesifisert årsleige
 - Klasserom, kontor, testrom og styrkerom. Kr. 1247,- pr. m2. (392 m2)
 - Rackethallen med garderobar. Kr. 600,- pr. time
 - Store salen med garderobar. Kr. 1025,- pr. time
 - Turnsøl med spesialutstyr, og garderobar. Kr. 1000,- pr. time
- Årsleiga skal betalast forskotsvis pr. halvår og etter rekning frå utleigar. Betalingsfrist for første halvår er 15. januar, medan betalingsfrist for andre halvår er 15. september.

7. LEIGEREGULERING

- Utleigar kan regulere leiga kvar 1. januar, første gong med verknad frå 01.01.2018, ut frå endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks men ikkje slik at satsane kan setjast lågare enn ved inngåing av denne kontrakten (01.07.16)

8. VEDLIKEHALD

- Utleigar sørgjer for og kostar alt utvendig og innvendig bygningsmessig vedlikehald.
- Utleigar skal sørgje for at leigeobjektet er i samsvar med gjeldande offentlegrettslege krav for leigeobjektet.

9. FORSIKRING

- Kvar av partane held sine egedelar / interesser forsikra. Leigetakar har rett til å stå som sjølvassurandør.

10. BRANN / DESTRUKSJON

- Blir leigeobjektet øydelagt ved brann eller annan hendeleg hending, kan begge partar erklære seg fri frå alle retter og pliktar som ligg under leigeavtalen.

11. OPPSEIING VED MISLEGHOLD

- Dersom leigetakar ikkje betalar leige etter påkrav frå utleigar eller på andre måtar mislegheld sine pliktar etter denne avtalen, kan utleigar seie opp avtalen med 3 månaders skriftleg varsel.

12. FRÅFLYTTING

- Leigetakar skal ved fråflytting levere leigeobjektet tilbake i rydda stand, og i same stand som då avtalen vart inngått, med fråtrekk for normal slit og elde.
- Seinast siste dag av leigeforholdet skal leigetakar fjerne alle sine egedelar.

13. TVISTAR

- Eventuelle tvistar skal søkast løyst ved forhandlingar mellom partane. Om ein ikkje vert samde kan tvisten skal den avgjerast ved voldgift etter gjeldande reglar.

14. IT

- Leigetakar har høve til og for eigen kost å etablere eige datanett i romma. Dette må ikkje skapa nettkonflikt med noverande nett. Dette skal koordinerast med IT-avdelinga i Stord kommune.

15. Underskrift

Partane vedtar med sine underskrifter alle punkt i denne leigeavtalen. Avtalen er skrive i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Stord, den _____


Leigetakar
Hordaland fylkeskommune

Utleigar
Stord kommune

Vedlegg: Planteikning

Oversikt over leigd areal

13/6-16



Rackethall

